



Alver kommune Plan og byggesak
Marianne Aadland Sandvik

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/940 - 21/10597

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
16.02.2021

Uttale frå Landbruksavdeling- dispensasjon for bygging på gbnr 93/10 Littlehovde

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplan Lindås 2019-2031 (KDP) i samband med planlagt etablering av einebustad på gbnr 93/10.

Delar av tomten er synt som fulldyrka jord/innmarksbeite med det skuldast at gardskartet ikkje vert endra til anna markslag før det vert bygd på tomten. Tomten vart frådelt i 1997 og etter vanleg forvaltningspraksis betyr det at reglane i jordlova §§ 9 og 12 ikkje gjeld. Løyve til omdisponering og deling skal vera gitt i samband med oppretting av tomten, og det trengs ikkje søkjast på nytt.

Det er positivt at bebyggelsen er samla på ein stad slik at ein tek vare på mest mogleg av jordbruksarealet. Dette er i tråd med retningsliner om tilrettelegging av spreidde bustadområde i LNF og fortetting. Huset er plassert slik at det skal vera minst mogleg til hinder for jordbruksdrifta.

Søklarane har interesse av å overta drift av dette bruket og soleis er plasseringa ideel i høve til dette. Busetjing er viktig i slike små bygder, og landbruksavdelinga meiner at det bør leggast til rette for att unge familiar som ynskjer å driva landbruk kan busetja seg der.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak